

Osteselskap på *Nordfjordhytta* 28.–29. september

Vi inviterer til hyttehelg med god mat, drikke og prat.

Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca. kl. 19 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang, felles frukost søndag.



FOTO: Alv Reidar Dale ©

I fjor, 2018, vigsla vi det nye utebordet, som Dagfinn Aa og Oddvar Bjordal, dei to t.v., har handlaga, før ostekvelden på Nordfjordhytta 6. oktober.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

Smalahovekveld på *Pustut* 2. nov.

Det vert sein smalahovehelg i år, **2.–3. november** – sauene har hatt så gode fjellbeite. Vi satsar på tradisjonen med smalahove, poteter og kålrabi. Og kaffi og kaker etterpå.

Maten vil vere ferdig til servering kring kl. 19.00, men kom gjerne tidlegare.

Hyttestyret står for innkjøp til smalahovegildet. Dei som vil overnatte til

søndag, tek med litt frukostmat/drikke.

Pris for sjølve smalahovegildet er ca. kr 200; kr 300 for dei som overnattar. Endeleg pris vert bestemt når vi ser kva innkjøpet kostar.

På grunn av innkjøp vil vi gjerne ha påmelding seinast **25. oktober til Agnar Hegrenes, tlf. 924 96 438** (send gjerne SMS).